



Kvinnherad kommune

Rådmannen  
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL  
Tel: 53483100  
Fax: 53483130  
Org. nr: 964 967 636  
Bankgiro: 3460.07.00083  
post@kvinnherad.kommune.no  
www.kvinnherad.kommune.no

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS  
Pb 103

5649 EIKELANDSOSEN

Saksbehandlar  
Arne Gjellan

Tlf. direkte innval  
53483129

Vår ref.  
2005/4157-17

Dato  
29.03.2012

Rammeløyve for rensing og utslepp av sanitært avløpsvatn frå 5 fritidsbustader i Teigane hyttefelt Stussvik. - Delegert vedtak

Tiltakshavar: Gunnar Bakke, Stuajordet 65, 5262 Arnatveit

Utslipp frå gnr/bnr: 156/35

Utsleppstype: sanitært avløpsvatn frå 5 fritidsbustader i Teigane, Stussvik

Utsleppsstad: etter rensing for organisk stoff i felles 3-kamra slamavskillar med nyttevolum 14 m<sup>3</sup> skal klarvatnet førast ut på min 20 m djup i straumførande sjø i 110 mm utsleppsleidning, som er forankra på sjøbotnen nord for Mekjesholmen

Delegert saksnr: 2012/215

---

Vedtak:

**Med heimel i forurensingslova § 11, 12 og 16, - og sentral forureiningsforskrift kap. 11 og 12, jmf. serleg § 12.9-11, vert søknad av 15.12.2011 om utslepp, journalført 02.02.2012, godkjend etter innhenting av nye presise data, med delegert saksnr. 2012/215, - på flg. vilkår:**

**Vilkår for eit rettskraftig løyve er at:**

- **avløpet vert rensa for organisk stoff i felles 3-kamra 14 m<sup>3</sup> slamavskillar, og klarvatnet vert ført i 4" utløpsleidning forankra ut på min. 20 m djup i straumførande sjø.**
- **utsleppsløyve gitt i vedtak av 13.10.2005 fell bort, og vert erstatta av vedtaket her**
- **det vert dokumentert rørleggar med ansvarsrett på alle fagfelt før igangsetting av arbeid**

**Før tiltaket kan igangsetjast, må det også søkjast etter flg. lovverk:**

- **Løyve til tiltak etter ny plan og bygningslova § 20-1. Søknaden må sendast av godkjent firma (t.d. bygge-/rørleggjarfirma) og må omfatta ansvarsrett for funksjonane PRO/KPR og UTF/KUT i tiltaksklasse 2 og tiltakstype anlegg, konstruksjoner og installasjoner. Dersom utsleppssøknaden er i samband med nybygg (t.d. bustad/fritidshus), er avløps-anlegget inkludert i søknaden for heile tiltaket når det gjeld løyve etter § 20-1.**
- **Løyve etter ny havne- og farvannslov § 27 ved utslepp til sjø. Søknad skal då sendast: Kvinnherad kommune, byggesakskontoret, rådhuset, 5470 Rosendal, jmf. at spørsmål kan rettast til Jon Harald Kjærland, tlf. 53483273.**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, og sendast til Kvinnherad forvaltningskomite, Rådhuset, 5470 Rosendal.

### Grunnlag for løyvet

Det er tidlegare søkt om utslepp frå 5 planlagte hytter i det aktuelle hyttefeltet, og løyve vart gitt i brev av 13.10.2005. Dette løyvet er no forelda, og vert erstatta av det løyve som no vert gitt i hverande sak, på klare og nye vilkår for igangsetting av arbeid.

Utsleppsløyve vert no omsøkt og gjeve med heimel i F-forskrifta kap. 12 som del av rammeløyve for oppføring av 5 fritidsbustader i hytteområdet Teigane, Stussvik. - 4 av hyttene er samla i eit felt ved sjøen, medan den 5.te ligg 300 m lengre oppe ved veg der det er funne vasskjelde og vert etablert borehol for vassforsyning til hyttene, ev. med trykkpumpe/høgdetank.

Ein felles slamavskillar på 14 m<sup>3</sup> (5 normalhusstandar a 4 pe) er gjeldande min.krav for forsvarleg sedimentering/opphaldstid og rensing for suspendert organisk stoff. Dei enkelte hyttene skal iflg. kommunalteknisk plan (revidert 31.01.2012) påkoplast avløp og vatn frå fellesleidningar i separate koplings-/minikummar nr. 1-5.

Avløpsanlegget ikkje må påkoplast fleire/nye bustader eller hytter som er vist i feltet, og tiltaks-havar/søkjar må sjølv vurdere risikoen ved å legge vatn og avløp i same grøft, og gjennomføre naudsynte sikringstiltak.

### Vurdering og vilkår

Etter purring på manglande og presiserte opplysningar om m.a. nyttevolum for felles slamavskillar og ansvarleg firma/rørleggar vert søknaden teken til behandling, - sjølv om ansvarsrett på alle felt ikkje er klarlagt og oppgitt. Løyve er likevel utskreve, men dette vil ikkje ha rettskraft for igangsetting av arbeid før:

1. ansvarleg rørleggar med ansvarsrett på alle fagfelt PRO/KPR og UTF/KUT er oppgitt
2. det er søkt og gitt løyve etter pbl § 20-1
3. det er søkt og gitt løyve etter ny hamne- & farvannslov § 27 for utlegging av sjøleidning

### Merknader

Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedteke gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.

For rådmannen i Kvinnherad

Arne Gjellan  
sakshandsamar

### Kopi til:

- Referatsak forvaltningskomiteen
- Gunnar Bakke, Stujordet 65,  
5262 Arnatveit